

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 4

Jula 2019

51 . årgang

Gledeleg jul!





DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og
fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST
Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR
Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: er623@kirken.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Steinar Stenseth, leiar
Tlf. 975 69 228
E-post: steinarsten@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Anders Grønbrekk, leiar
Tlf. 905 64 184
E-post: angro53@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet:

Hebrear brevet 1, 3a om Jesus:
*«Han er ei utstråling av Guds herlegdom
 og biletet av hans vesen.»*

Tradisjonsrike julekonsertar med kor og korps

Torsdag 19. desember kl. 19 Nord-Etnedal kyrkje
 Sondag 22. desember kl. 19 Bruflat kyrkje

Bruflat musikklag og Bruflat sangkor deltek
 saman med Honning og Rigabalsam



Arkivfoto

*«Ærlighet er
 første kapittel
 i visdommens bok.»*
 Thomas Jefferson (1743-1826)

Forsidefoto: Marit Slettum
Teikning, baksida: Hildegunn Wergeland

En reise gjennom
 musikalske juleminner,
 Og en stund fylt av varme og
 ettertanke i en hektisk ventetid.

Du som venter



Bruflat kyrkje 14. desember kl. 13

Billetter kan kjøpes på ticketco.no eller i døra.
 Voksen: kr. 200,- Barn: Kr. 100,-
 Studenter: kr. 150,-

Tidspunkter for gudstenestene juleæftan:

Nord-Etnedal kyrkje kl. 13.30
 Bruflat kyrkje kl. 15.30



Juleandakt

av biskop Solveig Fiske



Kim, alle klokker!

Jula ringes inn. Ut over by og land høres tonen som salmedikteren Grundtvig formidler:

Julen er kommet med solhverv for hjertene bange.

Dette er et glederikt bud. Håp, trøst, mot og gnist til hjertene bange.

Grundtvig skrev det slik midt på 1800-tallet. Livet var sammensatt den gangen som nå. Men det skjer noe stort og vakkert med barnet som fødes. Det er som når dører mot alle odds stilles på gløtt i en vanskelig situasjon der gode løsninger ikke uten videre er tydelige. Her er vi i nærheten av budskapet om Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær midt i blant oss.

Julebudskapet er brakt videre gjennom generasjoner. Dynnasteinen på Hadeland fra tidlig på 1000-tallet formidler hvordan juleevangeliet er brakt videre. Bildescenene som er risset inn, viser ingen majestetisk guddom, men et nyfødt barn som blir tilbedt. Vi ser Betlehemsstjerna i toppen, stallen med Jesusbarnet og Maria og de hellige tre konger som kommer ridende. De kommer for å tilbe Jesusbarnet og blir påminnet Guds nærvær.

Mennesker hører sammen på tvers av geografi og tid. Sammen minnes vi om å rekke og gi hverandre handa og uttrykke vilje og ønske om å bygge felles fremtid. Felles fremtid i et grensesprengende fellesskap med rettferdighet lokalt og globalt.

Jula er ei annerledes tid. Ei tid som er overskridende i tid og innhold. Kristi kjærlige lys holder oss fast i sannhet og håp.

Juleevangeliet setter oss nær til naturen, livet, skaperkreftene og til tidligere generasjoner, de som er gått ut av tida før oss. Våre forskjellige tradisjoner knytter oss sammen med det som var og det som er. Vi inviteres til å synge julens mysterium med englene:

Ære være Gud i det høyeste
og fred på jorden
blant mennesker
som Gud har glede i!

Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær er midt i blant oss.

Velsignet julehøytid ønskes dere alle!



Unge tårnagentar hjelper kyrkjetenar Nils Kjell Nilsen med ringing i Bruflat kyrkje

Juleevangeliet



I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

JUL



JULE-LYSET

Når vi tenner lys i et rom, står alle møblene fremdeles på plass, veggene flyttes ikke, det bæres heller ikke inn noe nytt møbel. Men alle tingene i rommet, slites løs fra mørket.

Jul betyr ikke at alle syke blir friske, og alle fattige rike, eller at alt strev og alle bekymringar i livet blir tatt frå oss, MEN AT ALT DETTE BLIR BELYST AV LYSET!

Fr. Dahlby



JULE-GODHET

Ditt komme, Herre Jesus, forvandler jordens natt, og bringer lys til mange som føler seg forlatt.

Hjelp oss å gå i dine spor!

La verden se din godhet igjennom dem som tror.

Svein Ellingsen



JULE-SAMLEREN

Herre Jesus, det ser ut som om eg enda en gang skal få lov til å feire en velsignet jul med mine kjære. Ingen vet om det er den siste.

Eg er som en gjerrigknark. Eg samler på juler. Og eg har ikkje råd til at noen av dem mislykkes. Barn Jesus – vil du la denne lykkes?

Kaj Munk

Kong Salomos
JULE
BIBEL BILDE KVISS
FOR HELE FAMILIEN

1 Luk 1, 26-31

HVA HET ENGELSEN SOM KOM TIL MARIA OG SA HUN SKULLE FØDE JESUS?

2 Luk 2, 4

DA JESUS BLE FØDT VAR JOSEF OG MARIA PÅ REISE. MEN I HVILKEN BY BODDE DE?

3 Luk 2, 14

HVA VAR DET ENGLEKORET SANG FOR HYRDENE?

4

HVOR I BIBELEN FINNER VI JULEEVANGELIET?

5 Matt 2, 1


HVA HET KONGEN I JUDEA DA JESUS BLE FØDT?

6 Luk 2, 4-7

I HVILKEN BY BLE JESUS FØDT?

Ideer og oppgaver er hentet fra Kong Salomos Bibel Bilde Kviss, Lunde Forlag AS

KYRKJEVARDEN 50 år 1969-2019 Gratulerer!



Gjennom femti år har Kyrkjevarden fire gonger i året vore fast innslag i postkassene i Etnedal. Sokneprest Nils Eide starta kyrkjelydsbladet i 1969, og det er stadig i farta.

Vi er glad i bilete, frå dåp, konfirmasjon og vigsel, frå gudstenester, andre samlingar i kyrkjene, og frå det som elles rører seg i kyrkje – og bygdelivet.

Vi tek også gjerne imot nye idéar til framtidige utgåver av Kyrkjevarden, men fyrst skal vi sjå attende på året då det starta, 1969.

Vi skal møte Anne Synnøve Steinset, som vart døypt i 1969, to av konfirmantane frå 1969, Inger Karin Grønbrekk Sletten og Terje Bergsbakken. Og vi skal møte eit brurepar frå 1969 som feira gullbryllupet sitt i haust, Anne Marie og Ole Svein Ødegård.

Dåp 1969



Ein solrik, frisk og kald vinterdag i januar 1969 vart Anne Synnøve Steinset døypt i Bruflat kyrkje. Ho

var heilt stille under heile sermonien, som presten Nils Eide hadde ansvaret for. Her er ho fotografert ved døypefonten i Bruflat kyrkje saman med foreldra Tone(som bar dåpsbarnet) og Knut Arne Steinset. Bak står tante Else Filseth. Foran kusine Liv Kristin Kielland Lund og tante Magnhild Kielland Lund. Utebilete var det ikkje tale om, temperaturen var for låg.

Det var heller ikkje lett å få tak i fargefilm på den tida, minnst Tone Steinset. Sjølve tok dei berre svart-kvitt bilete, men ein av gjestane hadde take dette biletet, i fargar.

Festen etter dåpsgudstenesta var heime på Bjødnegarden

Kor vart det tå Anne Synnøve?



Anne Synnøve Steinset - etnedøl på Hadeland

Anne er både kunstner, lærer og lærebokforfatter med oppvekst på Bjødnegarden - med Tone og Knut Arne som foreldre. Brødrene Trond Amund, Ole Knut og Dag Hallgeir gjorde familien fulltallig og gav dem en god oppvekst med mye humor, sang og musikk. Sorgen fikk de også tidlig møte. Far Knut Arne døde i 1980, då yngstemann var seks år gammel.

Vi lar Anne Synnøve selv fortelle:

Etter endt videregående skole på Fagernes i 1987, reiste jeg for å gå på folkehøgskole i Oslo. Det var et fint år med mange opplevelser og møter med folk fra

hele verden. Jeg hadde ikke bestemt meg for hva jeg skulle gjøre videre, men tok et arbeidsår etter folkehøgskolen som lærervikar på en skole i Telemark for å tjene litt penger.

I løpet av året ble jeg mer sikker på å ikke bli lærer, men kom i en livssituasjon som la premisser for viktige valg og livet videre. Jeg ble mor til Daniel i november 1989, og var aleneforsørger, uten utdanning, bolig og jobb. Reglene var slik at jeg måtte ta en treårig utdanning for å få økonomisk støtte. Det ble allmennlærerutdanning på Sagene lærerhøgskole i Oslo, som på den tida var treårig. Jeg studerte, var mor og arbeidet deltid på Ski ungdomsskole siste året. Etter ett studentår til, for å bli adjunkt, fikk jeg fast jobb på Ekeberg skole i Oslo i 1994. Det var travle år, Daniel og jeg måtte flytte flere ganger, men han fikk mye sosial erfaring og mange venner.

På Ekeberg fikk jeg etter hvert en hyggelig og kjekk kollega, som jeg ble gift med. Vi arbeidet flere fine år sammen på en barneskole med flott beliggenhet og gode muligheter for uteskole og varierte undervisningsopplegg. Jeg var godt fornøyd med yrkesvalget.

I 2004 kom Lina til verden, og Trond og jeg ble småbarnsforeldre igjen. Daniel var 14 år, og Tronds to barn fra tidligere var voksne. To år etterpå kom Tronds første barnebarn, etter hvert kom tre til, så vi har en stor og fin familie! Vi har mange treff i løpet av året, både i byen og her hos oss. Da Lina var konfirmand i Nes kirke i Røykenvika i august, var alle samlet til fest.

Da Lina skulle begynne på skolen, fant vi ut at vi

ville bo på Hadeland, nærmere bestemt Brandbu, der vi eide en husmannsplass som vi brukte som hytte. Bror Dag med familie bor like i nærheten, og det ble kortere vei til mor/mormor i Etnedal. Vi bygde hus og flytta i 2010. Jeg hadde først jobb på Jevnaker, deretter på Trintom skole i Gran der jeg har vært ansatt i noen år. Innimellom har jeg tatt videreutdanning, og har også arbeidet for et forlag som lærebokforfatter de siste åra.

Vi er fornøyd med å bo halvveis mellom Etnedal og hovedstaden. Om jeg blir på Hadeland i all levende framtid, får tida vise. Trond, som har levd det meste av livet sitt i byen, trives godt her. Men noe av det vi begge savner, er oppkjørte skiløyper rett utenfor døra, som vi faktisk hadde der vi bodde i Oslo.

En viktig interesse for meg har i mange år vært tegning og maling. Jeg har hatt noen utstillinger som gir motivasjon til å prioritere litt mer tid til dette. I den forbindelse må det nevnes at sønn Daniel har gått på kunsthøgskolen, slik jeg hadde en liten drøm om en gang, kanskje for å kunne kalle meg kunstner, slik han er. Han har også tatt pedagogutdanning, og er nå faglærer. Vi er enige om at felles yrke gir mye mening og stor mulighet til kontakt med både folk og grasrot på mange plan. Det er viktig for et godt liv, uansett hvor du bor, arbeider og lever i denne verden.

Oppveksten min i Etnedal, med mange opplevelser og erfaringer på godt og vondt, har vært et godt og viktig grunnlag for å møte og takle ulike situasjoner og utfordringer jeg har hatt senere i livet.



Bilde av storfamilien i Linas konfirmasjon i august 2019: Bak fra høyre: Daniel (min sønn) med samboer Rebekka, Ida (Tronds datter) Trond, Lina konfirmand, Iver (Tronds svigersønn), Anne (meg), Åsmund og Elin (Tronds sønn og svigerdatter). Foran fra venstre står Tronds barnebarn Agnes, Johannes, Håkon og Erle.

Konfirmant 1969

Inger Karin Grønbrekk Sletten og Terje Bergsbakken var to av seks konfirmantar i Nord-Etnedal kyrkje for femti år sidan. Dei var, saman med Eivind Sletten, med på gullkonfirmantfeiringa i heimkyrkja si i haust 29. september.

Inger Karin og Terje fortalde på samlinga etterpå frå konfirmanttida si og førebuingane til konfirmasjonsdagen. - Nils Eide var presten vår, og dei fyrste samlingane i konfirmasjonsåret var om morgonen, på Menighetshuset på Bruflat, saman med konfirmantar frå heile dalen. Etter undervisninga vart dei køyrde til Sentralskulen.

Konfirmasjonen var om hausten, så sommarstid møttest dei nokre gonger i Nord-Etnedal kyrkje. Dei hugsar Eide som ein lun og triveleg prest.

På konfirmasjonsdagen fortalde han eit par morosame historiar før dei gjekk inn i kyrkja.

- Det var vel for at vi ikkje skulle vere nervøse. Det er no ein spennande dag å stå på kyrkjegolv, seier Inger Karin, for den tida var «overhøyringa» på sjølve konfirmasjonsdagen. Vi sto på to rekker, tre og tre, med andletet mot einannan. Så gjekk presten fram og attende og stilte spørsmål, og lett var det vel heller ikkje å sleppe unna sidan dei berre var seks.



Nye konfirmantar saman med gullkonfirmantane

Inge Magnar Sletten, Eivind Sletten, Inger Karin Sletten Grønbrekk, Terje Bergsbakken, Kristoffer Veka og Marit prest.



Inger Karin Grønbrekk Sletten og Terje Bergsbakken på gullkonfirmant-treff 29. september.

Vigsel 1969



*Anne Marit og Ole Svein Ødegård vart vigde i Bruflat kyrkje i 1969.
Forlovarar var: Einar Lundstein og Kjersti Weider.*

Anne Marie og Ole Svein Ødegård - 50 år som ektepar

Eitt av para som gifta seg i Etnedal i 1969 var Anne Marie og Ole Svein Ødegård. Læraren og bonden fekk fire barn og har no også fem barnebarn.

Hytte i Svilosén

Anne Marie var ikkje heilt ukjent i dalen - sidan familien på Strømmen hadde fått seg hytte i Svilosén, bygd

då ho var eit halvt år. Slik kjende ho litt til Etnedal og folket, og søkte seg til bygda som utdanna lærar i 1968. Ho fekk seg leiligheit hjå Gudveig og Gunnar Flatmark på Bråstad, og melde seg på folkedans-kurs vinteren 1968. Der møtte ho Ole Svein. No har dei nyleg feira gullbryllup.



Frå feiringa av gullbryllupet, der heile storfamilien var samla

Storfamilien

Familien har vakse mykje. Espen vart født i 1970, Siri i 1971, Pernille 1974 og Kjersti i 1982. Neste generasjon att er ein staut gjeng av flotte gutar; Jens 23 år, Ola 22 år, Martin 19, Svein 18 og Henrik på 15 år. Dei er stolte av både barn, barnebarn og svigerbarn – alle har skikka seg vel.

Ole Svein var født til bonde på Øygarden like ovanfor Robøle, og overtok garden i 1978. Etter 35 år overtok dotter Siri gardsdrifta, og no er det hennar son som bur på garden. Ole Svein er gardskar, og tykkjer det er bra nokon framleis har bruk for han.

Bonde og fallskjermhoppar.

Anne Marie og Ole Svein bygde seg hus litt utanfor tunet. Dei fekk og bygd ny låve og eit stabbur, attåt at han sette opp ei gammal tømmerstogo som er brukt til utleige.

Dei dreiv mjølkeproduksjon og skogsdrift på garden, noko som Ole Svein mest tok seg av. Anne Marie underviste på skulen i 32 år.

- Fyrste gongen eg var i fjøset var eg nok litt redd, smiler Anne Marie. Ho hadde aldri tenkt seg at ho skulle bli gardkjerring! Det var travle, men gode år, er dei einige om. Då ungane vart store nok, hadde dei god hjelp av dei med arbeidet på garden.

Ole Svein var med i kommunepolitikken i 5 perioder. Han fann og tid til å realisere noko han hadde veldig lyst til å prøve, fallskjermhopping. Det vart 500 hopp før han ga seg med det.

Begge er glade i å lesa og ho er glad i handarbeid. Strikketøyet er aldri langt unna, og både spinning og veving har det vore arbeidd med. Guiding i Bruflat kyrkje nokre dagar kvar sommar vert det òg!

Organisasjonsarbeid

Anne Marie har i ei årrekke vore leiar av Etnedal helselags stiftelse, som har 16 aldersboliger dei leiger ut.

Begge er medlemmer i Odd Fellow logen, og har ansvarsfulle verv som krev dei. Ole Svein er distriktsleiar i det som no skal bli fylket Innlandet.

Hytteliv

I seinare år har dei kjøpt seg hytte på Lenningen. Den har dei mykje glede av, med fine skiløyper 50 meter unna hytta.

Alltid trivdest i Etnedal

Anne Marie seier at ho har alltid trivdest i Etnedal.

- Eg følte meg velkomen, og opplevde ingen bygdedyr!

Om dei skulle gje frå seg nokre gode råd, må det vera å vise respekt for kvarandre, og gje rom for utvikling. Dei er skjont einige om at dei har hatt gode liv saman og det å vera glad i kvarandre er sjølv kapitalen i eit ekteskap.

Ingun Kompen



Anne Marie og Ole Svein Ødegård heime i sofakroken.

LIA GÅRD – BEBUDD RASTEPLASS I ØSTERDALEN

Lia gård, nord for Koppang, ved Storsjøen i Rendalen, er «ein bebudd rasteplass for menneske i alle aldrar, uavhengig av sivil status og kyrkjetilhøyricheit. Kor ein er i livet og på trusvegen, skal ein få kome inn i den livgjevande Guds nærleik.

Lia gård er ein stad der ein ikkje treng prestere eller bere masker, ein stad for å lytte, kjenne, smake, ein stad å vere nær.

Vi ynskjer å legge til rette for at du kan kome til ro, oppleve Gud og vere nær livet.

Husa, kapella, stigane og naturen inviterar til stillheit og refleksjon.»

Slik presenterer dei seg sjølve, Liafolket, Ingeborg og Sigmund Bø og neste generasjon, Marieke og Ingar.

Lia gård var ein av Hedmark sine ødegardar, med historie like frå svartedauden. Slekta til Ingeborg Bø overtok garden på 1800-talet. Garden vart etter kvart fråflytta, og var ubebudd til 1976 då Ingeborg og Sigmund med familie flytta dit.

Nokre år seinare kom tanken om å ha familieretreatar på Lia. Låven vart bygd om og vigsla i 1985, men behovet for ein «rasteplass» var stor, så sidan har det vore mange byggeprosjekt.

Nylia sto ferdig i 2002, med ny kyrkje og stor takhøgde, spisesal og peisestove, bibliotek, undervisningssal mm. og gjestefløy, som er bygd oppover i terrenget.

Det er 4 km. til nærmaste nabo, store turmoglegheiter og mange hus i terrenget ved Lia, som er bygd rundt ideen om «rasteplassen». Skogskapellet, stabburskapellet, Fotini kapell, julekapellet ved Pannekakehytta, Peters kapell og Johannes-kyrkja, som er ei stavkyrkje bygd etter inspirasjon frå Valdres og Lomen stavkyrkje.



Kyrkja, og delar av det andre byggverket på Nylia.
Foto: Hilde Sanden-Bjønness



Jesus:

«Kom avsides med meg, og kvil dykk».

Lia gård har også vore «min rasteplass» frå midten av 1990-talet.

Det er ei særleg god atmosfære på Lia, og det er spesielt å vere i eit stille fellesskap over fleire dagar. Eg har vore på mange retreatar, med forskjellig lengde. Det starta med retreat for vaksne og Jesusmeditasjon. Meditatio handlar om å sette noko i sentrum, så andre typer retreatar er ikkje så annleis, men Kontemplativ retreat med senterande bøn har vore ei prioritering for meg i mange år no. Vi møtast ein søndag kveld, og etter eit felles måltid går vi inn i stillheita. Vi snakkar ikkje saman, kommuniserar lite på andre måtar, og er stille - til fredag morgon.

Tre gonger om dagen har vi felles stille bøn, på føremiddagen med undervisning. Tidleg kveld er det nattverd gudsteneste, og under alle måltida lyttar vi til dempa, god musikk. Eg opplever det som ei gåve å berre vere i dette fellesskapet, og å ta imot, men det er ikkje nødvendigvis berre avslappande. Gjennom stille-tida kjem ein tett på seg sjølv, og i beste fall er det ganske utviklande. Det bidreg også daglege vegleingstimar til.



Små farga glas i kyrkja på Lia gjev eit fint fargespel på veggane når solstrålane fell inn.

Det er også fint å sjå ut, slik som her.



Overalt på Lia finnst sterk kristen symbolikk. I atriet utanfor kyrkja er det laga ein modell av Jesu grav i klippen.



Ein av mange-mange sommarfuglar på Lia. Ulike kunstneriske uttrykk av sommarfuglen, som i kristen tradisjon symboliserar Jesu Kristi oppstode og det nye livet.

På 1990-talet var samlingene på «Herrens låve» og i Stabburskapellet, eg har mange gode minne derifrå. No skjer praktisk tala alt av inneaktivitetar på Nylia, og utanom fellesprogrammet er det rikeleg med tid til stillheit åleine, gå turar, eller vere inne i peisestova eller på biblioteket.

Mange tankar har vore tenkt, bønner bedt og bekymringar lagt att både i furuskogen, i eitt av dei mange gudshusa eller hos eit lyttande godt medmenneske på Lia gård.

Etter at den nye stavkyrkja (Johanneskyrkja) kom, er eg alltid innoom der – gjerne fleire gonger i løpet av ein retreat. Sigmund Bø er lidenskapeleg opptaken av å bygge, Lia gård ber tydeleg preg av det.

Saman med ein byggmeister frå Koppang reiste Sigmund til Valdres. Dei vart så inspirert av Lomen stavkyrkje, at fleire element derifrå er lett å kjenne att i stavkyrkja på Lia.



Motivet for altarbiletet er Jesu dåp, og her er ikkje Herren plassert ved Jordanelva, men midt i furuskogen i Østerdalen.

Då stavkyrkja var ferdig, såg dei plutsleg dette biletet i det naturlege treverket. Det liknar umiskjenneleg på eit krusifiks, ikkje sant?




Johanneskirken på Lia, inspirert av Lomen stavkyrkje.



Inne i furuskogen ligg Fotini kapell, eit ortodoks-
inspirert lite byggverk.

*Kjenn stillheten
Kjenn roen
Still deg foran Gud
La ingenting bli sagt
La ingenting bli spurt
La Guds åsyn alene søkedeg
Ikke noe mer
Gud vet
Gud forstår
Gud elsker deg med
en kjærlyghet uten opphør
Guds ene ønske er å møte
deg
i kjærlyghet
Stille
Rolig
Bare være
La din Gud elske deg*



*JESUS GUDS SON
du ljøs i mitt indre
Lat ikkje mørkret
Få tala til mi sjel.
Jesus Guds Son
uu ljøs i mitt indre
opna meg for
din kjærleik og fred.*

Salmetekst frå Taizé

Tekst og foto: Marit prest

Lia gård arrangerer retreatar med ulikt innhald, for grupper av mange slag.

Om interessa er stor nok, kunne eg godt tenke meg å ta med ei gruppe frå Etnedal til eit helgeopphald (evt. langhelg) på Lia. Då skreddersyr dei eit program for oss utfrå ynskje og behov. Det blir ikkje heltaust, men med stille bolkar undervegs.

Noko for deg? Ta i så fall kontakt.
Marit prest (913 93 314)

Min salme



Jeg vil få takke Ragnhild Fagernæs for utfordringen.

Det er så mange salmer jeg er glad i, men størst av dem alle i hjertet mitt er «O store Gud». Når jeg tar på meg trekkspillet, er det oftest den som spilles først. Jeg har valgt å ta med vers 2, i tillegg til de vanlige fire. Da blir refrenget for meg en lovsang til Gud, fra fødsel til grav.

Videre vil jeg utfordre Ester Slåttsveen til å finne sin favorittsalme.

Sigrid Tordis Nyberg.

O store Gud

*O store Gud når jeg i undring aner
hva Du har skapt i verden ved Ditt ord.
Ser universet med de mange baner
Og vet alt liv oppholdes ved Ditt ord.*

Da bryter lovsang i fra sjelen ut O store Gud, O store Gud

*Når vårens vinder suser over trakten,
når blomster dufter skjønt ved bekkens fot,
Når lerken jubler over sommerprakten
og furuskogens ange slår imot.*

*Når jeg i skriften ser de mange under
som Du har gjort fra første Adams tid.
Og ser hvor trofast Herren alle stunder
har ført sitt folk igjennom livets strid.*

*Når jeg så vet at Kristus lot seg føde
Ja, at Han gikk omkring og gjorde vel
Inntil Han sonet verdens synd og døde
Og oppsto for å frelse hver en sjel*

*Når så til slutt hvert tidens slør må falle.
Når troens mål er nådd og jeg får se.
Vil evighetens klokker sjelen kalle
for tronen mellom skaren hvit som sne.*

Da bryter lovsang i fra sjelen ut Takk store Gud, takk store Gud.



Nytt MAF-fly skal spreie von i Sør-Sudan

Mission Aviation Fellowship er på vingene for menneskeverdet med ein blanklakkert nyinnkjøpt Cessna som snart skal hjelpe sveltande og krigstrøytte folk i Sør-Sudan.

Av: Stein Gudvangen, KPK – stein@kpk.no

Ved nordenden av rullebana på Sandefjord Lufthavn Torp ligg ei brakke. Her held Sandefjord Flyklubb til. Ein regnfull oktobersundag møtest tre menn her. To av dei skal snart ut på ei lang reise til Afrika. Der ventar farefulle oppdrag på metallfuglen som står utanfor.

Hjelper hjelparane

Flyet – ein Cessna 208 Grand Caravan – er kjøpt i USA. Etter ei ansiktsløfting er det klart for teneste. Den kristne organisasjonen Mission Aviation Fellowship (MAF) syter for livsviktig hjelp til menneske i denne svolt- og krigsherja delen av Afrika. Sør-Sudan ligg klemte mellom Etiopia i aust, Sudan i nord og Uganda, Kenya og Kongo i sør. Vestover ligg Den sentralafrikanske republikken. Fred og harmoni er etterspurt i alle desse landa.

MAF driv ikkje eige bistands- eller misjonsarbeid, men står til teneste for hjelpeorganisasjonar og lokale kyrkjer med frakt av folk, mat, medisinar og utstyr til utilgjengelege stader det er vanskeleg å nå på andre måtar. Om ein naudhjelpar, lege, sjukepleiar eller ei jordmor treng å koma raskt fram, er Cessnaen einaste effektive framkomstmiddelet.

Nederlandske Marco Koeffmann (48) og sveitsiske Hans Jörg Schlatter (51) veit alt om dette pilotlivet etter mange år bak spakane. I desse dagane flyg dei det nye flyet i etappar gjennom Europa, over Middelhavet og ned til Afrika der det skal omregistrerast.

Ein livline

Det er samla inn store beløp i fleire land til å kjøpe inn flyet, mellom dei Noreg. På ei rundreise sist helg vart folk som har bidratt, takka. Turneen starta i Stavanger, heldt fram i Haugesund og Bergen før flyet vende austover til Torp. Sondag flaug dei til Kjeller flyplass ved Lillestrøm.

– Vi har ikkje hatt møte, men treft «flyinteresserte» på flyplassane og late dei snakka med pilotane som skal føre flyet til basen i Uganda, seier dagleg leiar i

MAF Noreg, Willy Ludvigsen, til Kristelig Pressekontor. Han omtaler situasjonen i Sør-Sudan som vanskeleg.

– Dei har berre éin asfaltert veg, som går sørover til Uganda. Dei andre vegane er i elendig forfatning, og der kan ein bli rana og drepen når som helst, så folk tør ikkje nytte dei. Vi hjelper organisasjonar som ikkje ville ha kome seg ut utan flya våre, seier Ludvigsen.

MAF flyr inn til Sør-Sudan kvar veke, og Ludvigsen kallar det ei livline.

Misjonær og pilot

Hans Jörg (51) har sju år bak seg som flygar i Tanzania og ni år i Uganda.

– Eg ville bli misjonær eller pilot. Så oppdaga eg MAF. Der kunne eg tene Gud og hjelpe menneske samstundes. Det var ein ideell kombinasjon, fortel han medan han saman med kollega Marco Koeffmann venter på at skydekket skal letne på Torp.

I Afrika har han særleg floge mobile mor-barnklinikkar. Dei har målt og vege spedbarn, gitt vaksiner og floge pasientar til sjukehus om det har vore naudsynt.

– Dette handler ikkje berre om kva vi gjer, men korleis vi gjer det. Eg ynskjer å syne folk som manglar von, at dei er verdifulle, seier Hans Jörg som har stor glede av å hjelpe til praktisk når det er spedbarnskontroll. Slik blir det bygt ei teamkjensle.

– Som pilotar blir vi svært godt kjent med dei vi flyg. Det er noko av det eg har sett mest pris på gjennom desse åra, seier han.

Risiko

– Er det farleg å fly i Afrika, med opprørssoldatar, uvær og enkle flystriper?

– Fare er subjektivt, seier Hans Jörg. – Somme vil sjå på det vi gjer som farleg, men ikkje eg. Derimot vurderer vi alltid risikoen. Vi har flyteknikarar som syter for at flyet er i orden, og vi ser alltid på kva for faktorar som kan vere trugande for reisa. Vi analyserer. Det handlar om tal og data og om å redusere risiko. Det er ein kalkyle.

– Så McGyver-faktoren er låg?

– Mykje handlar om disiplin og om å halde seg til rutine vi har, svarer Marco. – Før vi tar av, ringer vi for å få vêrdata. Er risikoen for høg, utset vi turen.

Nokre gonger kan vi ikkje fly, seier han og vedgår at pilotlivet kan verke eventyrleg, men det handlar meir om planlegging.

– Ofte må vi improvisere og ta avgjerder på eiga hand, seier Marco som var pilot i Bangladesh i fire år og i tillegg har 11 år med erfaring frå Aust-Afrika.

Han har nokre gonger vore vêrfast og måtta overnatte i flyet, men ikkje opplevd verkelege naudssituasjonar på 20 år som flygar.

– Det er eigentleg ikkje så spanande i seg sjølv å fly. Tru det eller ei, men i lengda kan det faktisk vere kjedeleg. Men motivasjonen kan ikkje ligge der. Det som aldri blir kjedeleg, er arbeidet du ser, at det blir grave brønningar og bygt sjukehus, seier Marco.

Skaper von

Hans Jörg slit mest med å sjå den langvarige og urettferdig nauda som rammer så mange.

– Det vesle som folk har, kan bli teke frå dei av krigsherrar eller naturkatastrofer. Eg har merksemda mi retta mot det eg kan gjere for å skape endring. Det betyr mykje at vi flyg inn folk som borer brønningar. Då slepp dei å bruke vatn frå den skitne elva som har med seg sjukdomar og infeksjonar. Vi kan ikkje endre alt, men vi må sjå på det vesle vi kan gjere. Og når det reine vatnet kjem opp gjennom krana, ser eg glimt av von.

Marco er heilt samd.

– Det er kraftfullt å sjå kva som blir utretta for einskildmenneske, seier han og gjer Jesus til førebilete: – Han snakka til massane, men òg til den einskilde. Han ser alltid kvar einskild person. Det er dette vi er kalt til å gjere, medan andre er kalt til å endre politiske strukturar.

FAKTA

- Mission Aviation Fellowship (MAF) er ein kristen, tverrkyrkjeleg organisasjon og eit flyselskap som står til teneste for hjelpeorganisasjonar med å fly til utilgjengelege destinasjonar over store delar av verda.

- MAF vart starta i 1943 og har kontor i England, Australia og USA, og 14 regionale og nasjonale MAF-avdelingar i tre verdsdelar. Mellom dei er Noreg, der det vart samla inn 18 millionar kroner til arbeidet i fjor.

- MAF opererer over 130 fly i meir enn 30 land der vegar og annan infrastruktur ofte er dårleg, og hjelper meir enn 1500 internasjonale og lokale organisasjonar og kyrkjer.

- Dei har meir enn 1200 tilsette. Av dei er 200 pilotar som flyg i 34 ulike land. Pilotane får ikkje løn, men blir støtta av privatpersonar og kyrkje-lydar.

- Det blir flogne helsepersonell, lærarar, bistandsarbeidarar, misjonærar, mat, medisinar, naudhjelp og anna utstyr.

- MAF har fem småfly til rådvelde i Sør-Sudan, og dessutan eit nytt fly, ein Cessna Grand Caravan 208B, som no vert lagt til flyparken.

Marco og Hans Jörg bur no i Europa og lærer opp komande MAF-piloter der, men vil attende til Afrika når ungane er ute av reiret. Har dei heimlengsel, er det Afrika dei tenkjer på. **KPK**



NYTT FLY:

Marco Koeffmann (til venstre) og Hans Jörg Schlatter (i midten) skal ta den nye Cessnaen til Afrika. Her står dei på Sandefjord Lufthavn Torp saman med Willy Ludvigsen frå MAF Noreg før avreisa sørover. Foto: Stein Gudvangen, KPK.

Glimt frå kyrkjeaktivitetar i Etnedal



Kyrkjerotteteater

I september var det kyrkjerotteteater i Bruflat kyrkje.

Eventyrskogen barnehage og 1. klasse på Etnedal skule var invitert.

Foto: Marie Bjørnødegård



Minnegudsteneste på Alle helgens dag

Vi tente 25 lys i kyrkjene våre i år
(21 i Bruflat og 4 i Nord-Etnedal)
til minne om våre døde siste året.

Foto: Nils Kjell Nilsen



Felles samling for 6- og 7. åringane i Bruflat kyrkje
Foto: Marie Bjørnødegård



Frå utdelinga av 4års-bok i Nord-Etnedal kyrkje.
Same dag var det kyrkjevandring for konfirmantane
frå Kyrkjesletta på Dalen til kyrkja.

4-åringane

Thias Øie Henriksen, Vilde Vestheim Skogstad, Oda Hestekind, Even Steine Lundmoen, Bak: Mikal Hestekind med Malin. Lengst bak: Nokon av konfirmantane, Magne Lunde, Kristoffer Veka, Marius Ødegårdstuen Sletten, Sunniva Bergsbakken Byfuglien, Thea Lofthus, Martine Yang Bergeid, Aila Byfuglien. Dei andre var ikkje synlege på biletet.

Foto: Helena Wright

India for reiseglad etnedøl



Gravmålet Taj Mahal: Dette gravmålet var nok høydepunktet på India-reisa i haust. Biletet viser berre sjølve gravmålet, det er fleire bygningar og store basseng – og eit par turistar, Ristil og Ingun.

- Blir du med på tur til India neste haust, spurde ei veninne i fjor.

Svaret var raskt ja, og slik fekk eg nyleg oppleve ein flik av det store og mangfaldige India, og kom i ei indisk lokalavis!

30 norske på tur

Vi hadde med oss ein svært dyktig sjåfør, ein hjelpe-mann og ein guide i særklasse. Truleg var han av dei beste guidane vi kunne hatt, for han nemnde at han hadde guida Bill Clinton og følgje i Taj Mahal – der vi også var.

Tema

Guiden hadde foredrag om ulike tema i bussen dagleg, om skule-vesenet, kaste-systemet, religion, historie, geografi, familieliv og mykje meir.

Imponerende nok var det aldri nokon andre som snakka då, noko ein stadig opplever når folk ikkje er interesserte sjølve, og øydelegg for andre.

Guiden sa også etter turen at vi var den mest disiplinerte gruppa han hadde hatt! Men avreise-natta måtte vi vente på ein av oss som ikkje vakna før vi andre var i bussen!

India frå baksetet

Vi reiste mykje, lengste dagsreisa var over 40 mil. Men det var dagleg mange stopp for å sjå severdigheiter. Vi starta og slutta i Dehli. Mest kjende stopp var Agra med Taj Mahal. Det enorme gravmålet vart bygd av ein sørgjande ektemann, Sjah Jahan, etter ei kjær kone som døydde 36 år gammal då ho fødte deira 14. barn. Det tok 20 000 arbeidarar 22 år å fullføre det store anlegget i marmor - som er innlagt med tusenvis av edelsteinar og omgjeve av store basseng. Når denne enorme minneplassen frå år 1631 treng restaurering, er det etterkomarar av dei som bygde det som gjer jobben. Det er berre menn som held på tradisjonen. Jentene giftar seg ut av familien, og skal ikkje spreie det tradisjonelle yrket vidare.

Dyreliv

Eg fekk ri på kamel, men elefant-ridinga vart diverre avlyst. Vi såg massevis av frekke apekattar i både byar og fjellområde. Dei heilage kyrne var over alt, gjerne så midt i stor trafikk at vi held pusten. For inderane er mor-dyra heilage og skal ikkje slaktast. Det er også gamleheimar for dyra. Elles var det geiter, hundar, høner - og vi såg ein einaste katt ein plass vi hadde matpause! Maten var stort sett vegetarisk, og etter min smak god.



Kamel-riding: På tur ut i naturen i India til oppvising av sang, dans og mat - fekk eg ri på kamelen som drog ei vogn med fleire turistar – og ein kamel-kusk var nok trygt å ha.

Handel

Turen var lagt opp slik at det var stopp nokre dagar der dei selde teppe, marmor-møblar, silke-varer og utskorne trefigurar med meir. Det vart lite handel på meg. Men eg måtte trasse guiden og handle av ein kar med nokre små armband ein dag vi gjekk på ei av mange borger. Det gjekk akkurat som guiden hadde åtvare oss; at stoppa vi for ein seljar - vart vi omringa av mange - og fort kunne "miste" det vi hadde av pengar! Det gjekk bra med meg. Men eg hadde nok eit svært så avvisande kroppsspråk ei lang stund etterpå - som reisefellane hadde stor moro av!



Kamel, bil eller moped: Varierte transportmiddel i India.

"I saw you in the paper today"!

Guiden fortalde ein dag at det var bilete av mange av oss i lokalavisa! Vi var ute og gjekk på Tourism Day! Same kveld skulle vi på gardsbesøk. Då eg hoppa inn i jeepen bakfrå snudde sjåføren seg og sa at han hadde sett meg i avisa! Slik går det når etnedøler reiser langt vekk...

I baksetet med kamera

Min plass i bussen var baksetet, stort sett åleine med kamera klart. Det vart utallige bilete av mange slags dyr, familiar på opp til fire på ein moped, små ungar som tigde, skur og presenning-telt der folk budde,

byliv med folk og dyr, matlaging utandørs - og ofte karar som sat i grupper og slappa av! Folk gjette dyr over alt utanom byane, og trafikken i storbyen Delhi var heilt enorm.

Heime best!

Om det var godt å koma heim? Jau då, det er alltid det, og forkjøla vart eg -som vanleg. Inntrykka er mange av eit enormt land med ei historie som er interessant, med natur og folkeliv så ulikt det vi er vane med. Alt med og om India blir heretter svært interessant å lesa og høyre om.

Ingun



Dyr i trafikken: Dyr i eller svært nær trafikken var det stadig å sjå i India.

Etnedal helselag - 100 årsfest

Hundre år med helse og hygge

I haust feira Etnedal Helselag sine fyrste 100 aktive år med jubileumbok, 115 gjester, sang, musikk og rikeleg bevertning.

Leiar Torgun Thon Hagaseth ynskte velkomen til påmelde, inviterte og gode hjelparar med musikk, kjøkken-teneste og servering.

100-årsbok

Marit Slettum presenterte boka "Etnedal helselag i 100", som ho har brukt mange dagar og utallige timar med å få klar til festen. Det vart ei interessant, informativ og fornøyeleg bok på 120 sider med masse bilete og historikk elles. Styret hadde bestemt at alle medlemmer skulle få boka, så det vart kø ved utgangen etter festen, og truleg noko lesing på senga etterpå! Dei som ikkje var på festen får boka seinare.

Trekkspele og song

Aage Sogn hadde fleire innslag med trekkspelet sitt, og "Livsgledepolka" fekk stemningen opp frå starten. Seinare underheldt den nye etterspurte duoen i Etnedal, 2 Generations, Emil og Stian Elg Fossum med sang og gitarspel. Vegard Thon trakterte tora-

daren så både folk og inventar dirra, og Gunn Bjørge akkompagnerte til allsongen på sitt trekkspele.

Helsingar og gåver

Etter eit godt måltid med Anna Kompen si gode kjøtsuppe servert av innleigde karar frå Etnedal Skytterlag, vart det lysbilete-framsyning. Ingerd Thon Hagaseth og Ole Knut Steinset presenterte Etnedal med 100 flotte natur- og dyrebilete. Fleire innbedte gjester fekk slik vita meir om helselagsbygda Etnedal enn årsmeldingar kan seie. Det var taler, gratulasjonar og helsingar både frå sentralt hald, fylket og fleire lokallag med nært samarbeid til etnedølene.

Det vart utdelt æresmedlemskap til Johanne Knutsen, Kristen Nysveen og Ola Hovde. Annikken Haug fekk fortjenstnål og diplom for mange aktive helselags-år. Øyvind Fagernæs styrde lys og lyd, og folk kunne kose seg med eit variert kakebord og triveleg prat ved borda, før dei drog heim med den nye og interessante Etnedals-boka - der mange vil kjenne seg att i tekst og bilete.

Ingun Kompen



Super-servitører: Karane frå Etnedal Skytterlag som tok servitørjobben på Etnedals Helselag sin 100-årsfest gjorde stor lykke. Frå venstre Johannes Rundhaug, Kjell Ivar Haugen, Tommy Bjørke, Tor Bjørnødegård og Ole Bergene.



Pris-mottakarar: Frå venstre Annikken Haug, leiar i Bergene krins med si fortjenstnål, og dei nye æresmedlemmane Johanne Knutsen, Kristen Nysveen og Ola Hovde - som er aktive og har bak seg mange helselags-år. Helge Lofthus vart også utnemnt til æresmedlem, men var ikkje til stades då biletet vart take



Mykje folk og mange helsingar og taler: Forsamlinga lyttar til det som skjer frå scena. Linda Mæhlum Robøle (fremst) hadde si fyrste ordførar-oppgåve med å gratulere helselaget, og leiar Torgun Thon Hagaseth (til venstre for Linda) tok imot all ros på vegne av laget.

To av aktørane i eit rikholdig jubileumsprogram; Stian og Emil Elg Fossum, no også kjent under namnet 2Generations.



Jubileumsboka, Etnedal helselag i 100

Nasjonalforeningen

Etnedal helselag 1919 – 2019

Etnedal helselag feira sine fyrste 100 år med stor jubileumsfest og bokutgjeving.

Eg fekk det ærefulle oppdraget å skrive boka, Etnedal helselag i 100. Det har vore eit lærerikt, interessant og spennande prosjekt.

Eg vil tru at mange kan bli overraska over den betydelege innsatsen helselagskvinner og –menn har spela i framveksten av pleie- og omsorgstenestene i Etnedal.

Heradsstyret (tilsvarar kommunestyret i dag) fatta i 1919 vedtak om sjukepleie, men det var friviljuge som organiserte, og stort sett, finansierte tenesta heilt fram til 1970-talet. Det same gjeld helsestasjon, husmorvikar og heimehjelp.

Meir enn 1000 etnedøler var i si tid medlem i Etnedal helselag.

Eldste delen av historia er illustrert av Herb, Herbjørn Skogstad.

Andre del av boka inneheld aktuelle oppgåver helselaget gjennom alle år har engasjert seg i, og den siste delen gjev eit bilete av Etnedal helselag sine mange aktivitetar i dag.

Marit Slettum

Alle helselagsmedlemmer har fått boka i jubileumsgåve.

No legg Etnedal helselag boka ut for sal.
Pris: kr. 200,-

Boka kan kjøpast på:

Frivilligsentralen, Bruflat

På Kyrkjekontoret

Hos krinsleiarane i Etnedal helselag:

Steinsetbygda: Marit Lund

Bergene: Annikken Haug


Flatøydegard: Anna Skjærstein

Bøvarstogo: Solveig Skåren

Bruflat: Elna Kvedalen

Breien: Anne Marit Stensæter

Lundstein: Ragnhild Fagernæs



Styret i Etnedal helselag i jubileumsåret 2019



Anna Skjærstein, Flatøydegard, Solveig Skåren, Bøvarstogo, Elna Kvedalen, Bruflat, Anne Marit Stensæter, Breien, Marit Slettum, skrivar, Ragnhild Fagernæs, Lundstein, Ingun Kompen, nestleiar. Foran: Torgun Thon Hagaseth, leiar. Foto: Karianne Kay. Marit Lund, Steinsetbygda og Annikken Haug, Bergene, var ikkje til stades då biletet vart take

YNSKJEDIKTET

Eg veljer diktet:
«Jeg velger meg april», av Bjørnstjerne Bjørnson.
Dette synest eg er eit fint dikt, og det er denne
månaden eg er født i.

Jeg velger meg april

*Jeg velger meg april.
I den det gamle faller;
i den det ny får feste;
det volder litt rabalder,-
dog fred er ei det beste,
men at man noe vil.*

*Jeg velger meg april,
fordi den stormer; feier;
fordi den smiler; smelter;
fordi den evner eier;
fordi den krefter velter,-
i den blir somren til!*

Eg vil gjerne utfordre min gode venn
Eskil Espeseth til å dele eitt av sine
yndlingsdikt, då eg veit han har mange.

Eivind Garli



Det finnes en dyrebar rose

*Det finnes en dyrebar rose
som aldri skal visne hen,
den trosser all frost på jorden
og blomstrer og blomstrer igjen.*

*Den blomstret ved foten av Sinai
for Moses, med flammende ild;
den brennende busk var Guds løfte
om frelse da alt sto på spill.*

*Den blomstret i Betlehems vinter,
den blomstret i Nasarets vår;
den blomstret som flammer i torner
i Golgatas glødende sår.*

*Den blomstrer fremdeles i verden
og dufter av sommer, til trøst
for alle som bøyes av smerte
i jordlivets nakne høst.*

*Og brennende rose som blomstrer
I kulde og smerte og savn!
Å, hellige tegn på jorden!
Guds kjærighet er dens navn.*

Svein Ellingsen

Info frå kyrkjekontoret

Jula 2019

Informasjon frå kyrkjevevja



Dei tilsette:

Etnedal kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for sju gode medarbeidarar. Eg er heldig som får vera leiaren deira.

Organist Serhiy Bykov:

Serhiy er alltid positiv og stillar opp. Han har godt humør, alltid eit smil om munnen og han løyser mange forskjellige oppgåver. Han sender ut Kyrkjewarden i posten, han oppdaterer heimesida vår, han klyppar gras når kyrkjetenaren har ferie og mykje meir. Hovudoppgåva hans er å vera kyrkjemusikar, og det løyser han på best mogeleg måte. Det er alltid fin musikk i alle gudstenester, gravferder og vigslar der han er organist. Serhiy har ei 60% stilling.

Kyrkjetenar Nils Kjell Nilsen:

Nils Kjell er ein allsidig mann, ein «Reodor Felgen». Det han ikkje løyser, trur eg ikkje andre gjer heller. Han har mange oppgåver i kyrkjene og på kyrkjegardane. Alt frå grasklypp, snømåking, måling, snekring til matserving. Han stiller alltid opp, er fleksibel og ein god arbeidskollega me alle kan stole på. Nils Kjell har ei 90% stilling.

Kyrkjelyds- pedagog og medarbeidar (diakon) Ellen Oddveig Rudi:

Ellen er både kyrkjelydspedagog for trusopplæringa i Øystre Slidre og Nord- Aurdal. Samstundes er ho vår kyrkjelydsmedarbeidar (diakon) i Etnedal i til saman 90% stilling. Ellen er roa sjølv og eit godt medmenneske. Ho er strukturert, omsorgsfull og flink i jobben sin. Ho er viktig for både born, unge, vaksne og eldre. I jobben sin gjer ho dei tryggleik, undervisning og omsorg, og med erfaring frå både lærar- og sjukepleieryrket løyser ho arbeidet sitt utmerka.

Trusopplæringsmedarbeidar Helena Wright:

Helena arbeidar i trusopplæringa i Etnedal og Sør-Aurdal. Dama er eit fyrverkeri med mange gode idéar

og eit ynskje om god trusopplæring til alle born i Etnedal og Sør- Aurdal. Ho er lærevillig, bestemt og flink med borna. Trusopplæringa har fått eit lyft med Helena, men det er til tider komplekst å skulle løyse trusopplæringa både i Etnedal og Sør- Aurdal i berre 40% stilling. Likevel er Helena positiv, og får det til å fungere veldig bra.

Trusopplæringsmedarbeidarar Anne Lajord Belsheim og Guro Hovda:

Guro og Anne er trusopplæringsmedarbeidarar i Vang, og me i Etnedal kyrkjelege fellesråd er deira arbeidsgjevar sidan me er vertsfellessråd for trusopplæringa i Valdres. Guro og Anne er to effektive og flinke damer som løyser trusopplæringa i Vang på ein utmerka måte. Dei er strukturerte og ryddige i sine 10% stillingar. Eg ser lite til dei, men me samarbeider godt og alle oppgåver dei får og har kan eg stole på blir løyst til det beste for befolkninga i Vang.

Saksbehandlar Linda Mæhlum Robøle:

Linda har arbeidd på kyrkjekontoret i seks år. Fyrste året var ho vikar for meg som kyrkjevevja i 80% stilling, mens eg hadde svangerskapspermisjon. Dei siste fem åra har ho arbeidd som sakshandsamar for Bruflat sokn i 50% stilling. I jobben sin har ho løyst komplekse arbeidsoppgåver med forvaltning av eigedomen på Lenningen (Kyrkjelenningen), samt mange andre oppgåver knytt til Bruflat sokneråd. Linda er eitt arbeidsjern, ho har stor arbeidskapasitet, er kunnskaprik og ein god sparringspartner. Alle oppgåver me har lagt på hennes arbeidspult har vorte løyst på ein god og ryddig måte. No har Linda fått permisjon i fire år (foreløpig) frå kyrkjekontoret. Ho er vorte ordførar i Etnedal kommune, ein jobb me er heilt sikre på at ho vi løyse godt.



Linda, tusen takk for din gode innsats gjennom mange år for oss i kyrkjeleg sektor. Me kjem til å sakne deg, men me ynskjer deg lukke til i ny og viktig jobb. Så vonar me at du kjem att til oss etter kvart.

Kyrkjene og kyrkjegardane:

I 2019 har det ikkje skjedd noko nytt i kyrkjene eller på kyrkjegardane våre, utanom at me har installert innbrotssalarmer med kamera i begge kyrkjene og bårhusa. Det for å førebyggje innbrot, spesielt i bårhusa. Elles har det vore dagleg drift med vedlikehald og alt det fører med seg.

I 2020 vonar me at dei fire prosjekta me har starta på vil bli gjennomført:

- Utvidinga av kyrkjegarden og parkering ved Nord-Etnedal kyrkje
- Reparasjon av tårnkonstruksjon og nye klokkeoppheng i Bruflat kyrkje
- Ny trapp til sakristiet og opp til tårnet i Nord-Etnedal kyrkje
- Universell utforming av inngangspartia i begge kyrkjene

Kyrkjevalet 2019:

I 2019 ha det vore kyrkjeval og det krev store administrative ressursar frå kyrkjekontoret, samt hjelp frå mange valmedarbeidarar. Valet i 2019 vart gjennomført på ein god måte, me rakk alle fristar, me løyste alt innanfor retningslinjene for kyrkjeval, og alle involverte gjorde godt arbeid. Dei nye sokneråda har konstituert seg og starta sitt arbeid frå 1. november 2019. Kyrkjeleg fellesråd konstituerte seg 27. november 2019 og starter sitt arbeid frå 1. desember.

Ein takk til alle som bidrog under årets kyrkjeval. Takk òg til alle nye rådsmedlem som stilte til val, og som no er klare for fire år med rådsarbeid.

Sokneråda 2015 - 2019:

Etnedal kyrkjelege fellesråd vil få takke begge sokneråda for det godt samarbeidet i perioda 2015 – 2019.

Me har saman løyst mange store oppgåver, mellom anna:

- 150 års jubileum Nord- Etnedal kyrkje 2016
- Bispevisitas 2017
- Nytt fyringsanlegg og SD- anlegg Nord- Etnedal kyrkje
- Oppussing/måling av porter og bårhus Nord-Etnedal
- Pusset og lakkert gulvet i Nord- Etnedal kyrkje
- Nye brannalarmer og innbrotssalarmer i begge kyrkjene
- Pusset opp bårerommet i Bruflat bårhus
- Reparert vatningsanlegget ved Bruflat kyrkjegard

Ein spesiell takk til Bruflat sokneråd som har gjort det mogeleg for fellestrådet å ha eit godt handlingsrom og slik gje befolkninga i Etnedal gode kyrkjelege tenester.

Bruflat sokn har sørga for at kyrkjekontoret har hatt midlar til:

- Sakshandsamar
- Kyrkjelydsmedarbeider (diakon)
- Gratis konfirmanntid for alle som vil konfirmere seg i Etnedal.
- Møte- og køyregodtgjerdsle til alle rådsmedlem

Sist, men ikkje minst takk for dugnadsinnsatsen alle de råds- og utvalsmedlem har lagt ned for kyrkja i Etnedal. De har gjort ein solid innsats. Ved å ta ansvar for bygda ein bur og lever i, gjer ein mykje for kvarandre og for fellesskapet. De er, og har vore, viktige for kyrkja og bygda.

Julehelsing

No nærmar den fine juletida seg, og eg gler meg. Juletida er mi yndlingstid. Eg likar det fredelege, og eg likar den kalde fine tida. Etter nokre år med julestri har eg skjont kva som skal til for at jula skal gje meg ro og tid med dei eg er aller mest glad i. Eg har endeleg slutta å stille så høge krav til meg sjølv. Det er ikkje så farleg om julepapiret sit litt «skakt», om pepparkakene vert litt rare, om det ikkje er skinnande reint i alle krikar og krokjar, om ein ikkje har baka sju slag eller laga julematen frå botn. Jula kjem lell, og den er like triveleg om ikkje alt er akkurat slik ein meinte.

Julestemninga kjem sigande gjennom heile desember med adventskalender, tenning av adventslys og julesalmer. Julekvelden ventar spente ungar og vaksne på gåver, god mat og ei triveleg stund i lag.

Me brukar å vera i kyrkja på julekvelden, det er ein tradisjon eg har frå barndomsheimen.

I kyrkja senker roa seg. Når kjende julesalmer som «Glade jul» og «Det lyser i stille grender» vert spelt, då er jula verkeleg kome.

God jul til dykk alle.
Helsing Marie

Velkommen til nye sokneråd

Nye Bruflat sokneråd



Frå venstre: Torill Stubbene, Ronald Rasmussen, Grethe N. Bjørnødegård, Kjell Jørgen Fjeld, sokneprest Marit Slettum og Ingun Kompen. Magnhild Claudius, Svein Erik Slåttsveen og Turid Fossen Nysveen var ikkje til stades då biletet vart take.

Kjell Jørgen Fjeld (leiar)
Magnhild Irene Claudius (nestleiar)
Torill Stubbene (kasserar)
Ronald Kyrre Rasmussen (medlem)
Grethe Nysveen Bjørnødegård (skrivar)
Ingun Kompen (medlem)
Sokneprest Marit Slettum (medlem)

1. Varamedlem: Svein Erik Slåttsveen
2. Varamedlem: Turid Fossen Nysveen

Nye Nord-Etnedal sokneråd



Ordinære åpningstider på kyrkjekontoret:

Måndag, tysdag, torsdag og fredag
kl. 09.00 – 15.00.

Me er få i staben, og det hender me er på møter e.l. Skulle du koma til stengt dør kan du ta kontakt med servicetorget i kommuna. Dei veit når me kjem attende. Vil du vera heilt sikker på at me er tilstades, er det best å avtale ei tid med oss.

Telefonnr: 61 12 13 20

E-post: post.etnedal@kyrkja.no
Nettsida: www.kirken.no/etnedal

Steinar Stenseth (leiar)
Anders Grønbrekk (nestleiar)
Oddbjørg Løvlie Hagaseth (skrivar)
Kari Skogstad (kasserar)
Sokneprest Marit Slettum

1. Varamedlem: Jorunn Bergsbakken
2. Varamedlem: May- Britt Steine-Lundmoen
(Vararepr. var ikkje til stades då biletet vart take)



**Etnedal
kommune**

- Minst og best -

Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes facebook-side

Julehelsing frå Ordføreren

Kjære alle lesere av Kyrkjevarden!

Det er ei stor glede for meg å skrive min første julehilsen i Kyrkjevarden som nyvalgt ordfører i Etnedal. Jeg er ydmyk overfor rollen, og tar ansvaret den medfører på største alvor. Jeg trives godt med den nye, travle hverdagen med å jobbe til det beste for hele Etnedalssamfunnet. Mitt mål er at folk som lever her skal trives, og ha gode liv. Kommunen følger opp viktige samfunnsoppgaver for å ivareta nettopp dette, gjennom menneskers hele livsløp.

Frivilligheten utgjør et svært viktig bidrag i forlenning av de oppgavene det offentlige løser. I Etnedal er det lite å si på dugnadsånden, og jeg er stolt over å bo i ei bygd der frivilligheten blomstrer slik den gjør i Etnedal. Takk til alle ansatte i kommunen som gjør en fantastisk jobb for oss alle hver dag, og takk til alle frivillige bidrag som gjør Etnedal til et sted det er godt å være!

Atter en gang skal vi få oppleve jula. Den vidunderlige, magiske jula. Vi møter jula kanskje mest med glede og barnlig forventning, men for mange også med

sorg og savn. Jula bringer fram følelser i oss som bare jula kan. Jula tar oss tilbake til vår egen barndoms julefeiring, og bringer fram sterke minner av det som en gang var. Gjennom egne tradisjoner hentes de samme følelsene fram, år etter år. Julebudskapet i seg selv, om barnet som fødes og bringer håp til oss menneskene, er et konkret bilde på noe vi alle kan identifisere oss med og trenger - lyset og håpet.

Snart senker julefreden seg over den fine kommunen vår, husene og menneskene som bor her. Jeg ønsker dere alle en fredfull julehøytid, og et riktig godt nytt år!

Med vennlig hilsen

Linda Mæhlum Robøle

Ordfører

Tlf. 61 12 13 70 / mob. 95 76 49 00

linda.mehlum.robøle@etnedal.kommune.no



www.etnedal.kommune.no

Etnedal kommunestyre 2019-2023



Frå venstre: Syver Thon, Asmund Wold, Petra Granstrøm, Tove Grønbrekk Haugen, Sara Ekstrøm Bråthen, Bjørn Nermoen, Toril Grønbrekk, Linda Mæhlum Robøle, Rådmann Kai Egil Bachér, Jon Olav Espeliødegård, Ola Lunde, Marit Slettum, Anders Kringli, Vegar Storsveen, Vebjørn Kompen, Ole Jørgen Saglien, vararepresentant for Harald Bjerknes.

Foto: Etnedal kommune

Ordførarskiftet



Linda Mæhlum Robøle overtar ordførarkjedet fra Toril Grønbrekk på det konstituerende møtet i Etnedal kommunestyre 10. oktober.

Foto: Marit Slettum



Etnedal
kommune

- Minst og best -

Etnedal kulturskule



Julekonsert i Nord-Etnedal kyrkje



ETNEDAL KULTURSKULE har sin årlege julekonsert tysdag 10. desember kl 18.00 i Nord-Etnedal kyrkje. Det blir som vanleg varierte innslag med dyktige og ivrige elevar, og me lovar også varm julestemning.

Gratis inngang. Velkomne!

Hvordan kan Etnedal få flere innbyggere?

Etnedal kommune ønsker seg flere innbyggere. Alle er hjertelig velkomne til å bosette seg her, og vi er særlig åpne for å ta imot unge i etableringsfasen – gjerne med barn. Vi vil gjerne ha flere barn i barne-

hage, skole, kulturskole og andre fritidsaktiviteter.

Kommunestyret vil arbeide for å få på plass en god plan for å få flere innbyggere. Har du gode forslag på hva vi kan gjøre for å få til dette? Hva kan gjøres av kommunen for å få til gode bo- og arbeidsmuligheter? Hvilke andre ting bør gjøres for at de unge skal velge å flytte til oss?

Har du gode ideer og forslag, er det fint om du sender disse til Etnedal kommune v/postmottak, Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal eller postmottak@etnedal.kommune.no senest 5. januar.



Takk!

Hjertelig takk for pengegaven som ble gitt ved Agnes Flatmark sin begravelse.



Hilsen Etnedalsheimen.

**Frivilligsentralene i Valdres
ønsker velkommen til
FELLES FEIRING AV JULAFTEN!**



**Når: 24. desember
2019 kl. 13-16
Hvor: Nord-Aurdal
Frivilligsentral,
Vikatunet, Fagernes**

Det kan være mange grunner til at man ønsker å feire julaften i et større fellesskap. Ingen behøver å fortelle hvorfor man vil komme; alle er velkomne uansett!

Det blir jule tallerken med ribbe og medisterkake, riskrem til dessert, kaffe og julekaker, underholdning med Vangstein's dansemusikk, julepyntet hus - og kanskje en liten juleoverraskelse...?

Alt er gratis! Kveldens vertskap består av frivillige fra de ulike frivilligsentralene i Valdres. Er dette noe som kan være aktuelt for deg, eller vil du vite litt mer? Kanskje du vil være frivillig på arrangementet?



Vintersesongen står for døra, og BUA Etnedal låner med glede bort gratis utstyr til både liten og stor!!

I BUA Etnedal finner du bl.a:

- * Langrennsutstyr
- * Alpinutstyr
- * Hjelm og briller
- * Pulk
- * Truger
- * Akematter
- * Kjelker
- * Snowkick
- * Spark
- * Isbor/Pilkestikke
- * Bålpanne
- * Sitteunderlag
- * Tursekker
- * Soveposer
- * Liggeunderlag
- * Lavvo/Telt

ÅPNINGSTID:

Tirsdag kl. 14.30 - 17.00

Fredag kl. 14.30 - 16.00

Har du spørsmål, ta kontakt med Kari på Frivilligsentralen: Tlf: 92 13 24 38 - E-post: post@etnedal.frivilligsentral.no

Vi sees i BUA!!

Legatet Ola E Sveens Minne

Renter av Legatet Ole E Sveens Minne for 2019 skal tildeles ungdom fra Etnedal som tar opplæring i ett av følgende fag:

1. Treskjæring ved Handverksskolen på Hjerleid
2. Opplæring i Helse- og Sosialfag eller Byggfag

Elever med lang utdanningstid vil bli prioritert. Søkere må ha fylt 18 år.

Søknad sendes:

Legatet Ola E Sveens Minne
v/ Eivind Lundmoen
Lundmoen 68
2890 Etnedal

e-post: elundmoe@bbnett.no

innen 31. desember 2019



Konfirmantar frå 1969- kullet samla i Bruflat kyrkje 8. september 2019



Bak: Åse Bjørnødegård, Gudrun Nora Sveen, Bjarne Byfuglien, Magne Arvid Rognås, Odd Terje Lysthaug, Eli Bjørnødegård, Marit prest. Foran: Grethe Byfuglien, Sigrun Nørstebøen Aune, Bjørg Joplussen f. Øybakken

50-årskonfirmantar og nye konfirmantar i Nord-Etnedal kyrkje, 29. september



Inge Magnar Sletten, Eivind Sletten, Inger Karin Sletten Grønbrekk, Terje Bergsbakken, Kristoffer Veka og Marit prest.

Dåp

Bruflat kyrkje 20. oktober



Dåpsbarnet : Håkon Brateng
Foreldrar: Odd Geir Brateng og Nita Ruud
Fadrar var: Gro Anitra Brateng, Tom Rune Brateng, Henning Byfuglien, Tara Solberg Markussen og Kristin Langedrag Bonlid.



Dåpsbarnet: Sofie Urberg
Foreldrar: Jostein Urberg og Marina Kristina
Fadrar var: Gjermund Urberg, Lena Lyakysheva, Fredrik Ruud og Hallgeir Urberg.

Slekters gang

DØYPTE



Bruflat kyrkje
Håkon Brateng
Sofie Urberg

DØDE



Bruflat sokn
Agnes Flatmark
Anne Karine Åmodt
Gudbrand Berg

Julekviss 2019 fasit

1. Gabriel
2. Nasaret
3. Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden blant mennesker Gud har glede i!
4. Evangeliet etter Lukas kapittel 2
5. Herodes
6. Betlehem



PRESTENS HJØRNE



Kjære alle som les Kyrkjevarden!

2019 går snart over i historia, og vi har fått lov til å leve endå eit år.

Takk for alle møtepunkt, for samtaler i glede og sorg, for rike opplevingar og utfordringar av ymse slag. Vi menneske treng einannan, for på ulike punkt er vi sårbare alle. Nesten kvar søndag ber vi i kyrkjene våre om signing over fellesskapa der vi høyrer til, kyrkjelyden, familien, vener og grannelag.

Tryggleik er eitt av dei viktigaste fundamenta vi har, og den skapar vi saman! God tryggleik gjev mellom anna rom for å vere seg sjølv, og tryggleiken har også rom for å ta imot det framande, nye tankar, nye idear, men framfor alt nye menneske.

Eg har ikkje nær familie rundt meg til dagleg, og eg saknar det av og til, men eg har gode, nære vener og ulike fellesskap her i bygda, som gjev meg ei kjensle av god tilhøyrligheit.

Mitt ynskje er at alle som bur i Etnedal kan seie det same.

Jesus inkluderte alltid menneske då han hadde si korte tenestetid her på jorda. Uansett kven dei var, kor dei kom frå, eller kva dei hadde gjort. Han vart fødd imellom fattige i ein stall, kjente på sin kropp og djupt i si sjel kva det vil seie å vere menneske, på godt og vondt.

Han forstår oss, fordi han sjølv har vore sårbar og liten.

Mi store trøyst og glede er at Han er med oss, kvar dag. Mitt liv kviler i den trua at Jesus er med, uansett kva som skjer. Han kom for å utlikne avstanden mellom Gud og oss. Eg føler det ikkje alltid like sterkt, men eg har ei bøn eg ofte ber;

«Jesus, Guds Son du ljøs i mitt indre, lat ikkje mørkret få tala til mi sjel, Jesus, Guds Son, du ljøs i mitt indre, opna meg for din kjærleik og fred»

«Ei glede for heile folket», forkynte engelen over Betlehemsmarkene julenatt, «idag er det fødd dykk ein Frelsar i Davids stad, han er Krisus, Herren».

Gledeleg julehelg!

Marit prest

Hjarteleg takk

- til dei avtroppande sokneråda for stor og god innsats, og godt og triveleg samarbeid!
- til alle dei friviljuge, for mykje godt kyrkjelydsarbeid, på ulike felt, inne og ute!
- til kyrkjestaben og kyrkjererje Marie Bjørnødegård som er leiar for alle gode medarbeidarar i kyrkjelydane våre. Ho er sjølv ein god medarbeidar, som bidreg positivt i eit godt arbeidsmiljø.

Marit prest

Stjernekveld ved juletid

*Står du en stjerneklar, blå vinterkveld
ser mot det mektige hvelv,
blendet av himmelprakten
som avspeiler Skaperen selv.*

*Kjenner den dragende lengsel
hver gang Gud setter døren på klem,
men føler deg veik og liten?
Gled deg, se opp og frem!*

*Stjernen var det som viste vei
til Betlehem, Davids by.
«Dere er idag en Frelser født»,
sangen er evig og ny.
Korset bærer alltid smerte,
derfor står lysene tent.
Løftet Gud gav, det holder,
ingen er uteglemt.*

*Det ALT er en gave til jorden,
en avglans av evighet.
Hva skjuler seg bakom tid og rom,
det er det kun EN som vet.
Men du har lov å lengte
når mørke knuger deg ned.
Bak den glitrende stjernebroen,
venter rettferd og fred
et sted.*

Margit Espeset



VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



14. desember -

kl. 13.00 Julekonsert i Bruflat kyrkje.
«Mens vi venter» Sjå eigen annonse s. 3

15. desember – 3. søndag i advent

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Lys-vaken-gudsteneste. Takkoffer til
trusopplæring i kyrkjelyden.

19. desember

kl. 19.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Julekonsert med kor og korps
og Honning og Rigabalsam.

22. desember

kl. 19.00 Bruflat kyrkje.
Julekonsert med kor og korps
og Honning og Rigabalsam.

JULEGUDSTENESTENE

24. desember – Juleaften

Preiketekst: Luk. 2, 1-20

kl. 13.30 Nord-Etnedal. Familiegudsteneste.
Marit Lund deltek.
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

kl. 15.30 Bruflat. Familiegudsteneste.
Yulianna Bykova, Ronald og Håkon
Rasmussen deltek.
Takkoffer til Kirkens nødhjelp

kl. 17.00 Jula ringast inn

25. desember - 1. Juledag

Preiketekst: Joh. 1, 1-14

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Høgtidsgudsteneste.
Yulianna Bykova, Kjell Jørgen Fjeld
og Bruflat sangkor deltek.
Takkoffer til Evangeliesenteret.

26. desember – 2. Juledag

kl. 11.00 Etnedalsheimen. Nattverd.

31. desember – Nyttårsaftan

Preiketekst: Matt. 11, 25-30

kl. 23.15 Bruflat kyrkje. Midnattsmesse.

12. januar – 2. søndag i openberringstida

Preiketekst: Matt. 3, 13-17

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste med bønnevandring.
Takkoffer til Stefanusstiftelsen.

19. januar – 3. søndag i openberringstida

Preiketekst: Joh. 2, 1-11

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Gudsteneste med bønnevandring.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

26. januar – 4. søndag i openberringstida

Preiketekst: Luk. 18, 35-43

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

2. februar – 5. søndag i openberringstida

Preiketekst: Mark. 2, 1-12

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Takkoffer til KRIK-
Kristen idrettskontakt

9. februar – Såmannssøndag

Preiketekst: Luk. 8, 4-15

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Takkoffer til Det norske bibelselskap.

16. februar – Kristi forklåringsdag

Preiketekst: Matt. 17, 1-9

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd. Takkoffer.

23. februar – Inga gudsteneste i Etnedal

1. mars - Inga gudsteneste

8. mars – 2. søndag i fastetida

Preiketekst: Matt. 15, 21-28

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Skaperverkets dag. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

15. mars – 3. søndag i fastetida

Preiketekst: Luk. 11, 14-18

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje Nattverd.
Skaperverkets dag

22. mars – 4. søndag i fastetida

Preiketekst: Joh. 11, 45-53

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til
Kirkens nødhjelp-Fasteaksjonen.

29. mars – Maria bodskapsdag

Preiketekst: Luk. 1, 26-28

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Takkoffer til organisasjonen
«Menneskeverd»

29. mars – 31. mars Fasteaksjon, Kirkens nødhjelp.



I en natt så klar og kald

*I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor;
i en krybbe i en stall
fødtet håpet til vår jord
Så umerkelig så stille,
byens gater helt forlatt.
Ingen opptog for den lille,
lyset kom en vinternatt*

*Gjeterne satt rundt sin grue,
skremtes opp av lys og lyd
Himmelen sto i veldig lue,
engler sang om fred med fryd:
Ikke frykt, vær ikke redde,
Gud er kommet til vår jord.
Nå i natt var det det skjedde
Gå til barnet og hans mor.*

*I det stille, til de små,
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede.
Nå står grav og krybbe tom.*

Bjørn Eidsvåg